

**MØTEBOK****Eigedomsavgifter 2023**

Utval sak	Utval	Møtedato
71/22	Utval for plan og miljø	22.11.2022
63/22	Kommunestyret	14.12.2022

Vedlegg:

- 1 Gjeldande berekningsgrunnlag vass og kloakkavgifter for 2023
- 2 Detaljbudsjett Vatn
- 3 Detaljbudsjett Avløp
- 4 Detaljbudsjett Førebygging brann - feiing
- 5 SIM Budsjett renovasjon og slam 2023 Fitjar kommune
- 6 Investeringar 2023-2026

Bakgrunn:

Fitjar har låge eigedomsavgifter i høve til nabokommunar:

	Årsgebyr for vannforsyning	Årsgebyr for avløpstjenesten
	2021	2021
4611 Etne	7 125 kr	2 922 kr
4612 Sveio	3 432 kr	3 453 kr
4613 Bømlo	3 448 kr	4 274 kr
4614 Stord	5 275 kr	4 661 kr
4615 Fitjar	2 842 kr	3 898 kr
4616 Tysnes	3 250 kr	4 300 kr
4617 Kvinnherad	4 771 kr	3 936 kr
4625 Austevoll	4 736 kr	7 303 kr

SSB tabell 12218 og 12217

Grunnsats 2022 er 3 160,- for vatn og 4 202,- for avløp. I tillegg kjem 25 % mva.

Sjølvkostområdet Vatn har gått med til dels stor underskot dei siste tre åra, og kjem til å gå med underskot i 2022. Oppsamla underskot per 31.12.2021 var på 1 064 000,-.

Sjølvkostområdet Avløp har gått med til dels stor underskot dei siste fem åra, og kjem til å gå med underskot i 2022. Oppsamla underskot per 31.12.2021 var på 525 000,-.

Sjølvkostområdet Feiing og brannsyn har i varierende grad gått med overskot og underskot dei siste åra. Resultatet for 2022 er enno ikkje klart. Oppsamla underskot per 31.12.2021 var på 125 000,-.

Forankring i planar/mål:

Kommunedelplan for vassforsyning 2020 – 2030 Fitjar kommune
Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020 – 2030 Fitjar kommune

Vurdering:

Store investeringar som følgje av kommunedelplanar, fører til auke i avskrivningar frå år til år. Dette er i tråd med kommunedelplanane. I 2023 slår renteauke inn i desse

rekneskapa med større beløp. Når ein skal ta inn underskot og aukande utgifter, fører det til uønska hopp i avgiftsnivået.

Det er sett i verk tiltak som skal verke mot avgiftsauken. Det vert redusert med totalt 0,5 stilling på vatn og avløp samla. Talet på tilsette er likevel høgare enn før kommunedelplanane vart vedteke.

Investeringsplanen vert strekt i, slik at nokre investeringar kjem seinare i perioden enn tidlegare føresett.

For vatn vert det føreslått ein auke på 25 % til 2023. Sjølvkostområdet vil likevel gå med eit underskot i 2023. Denne avgiftsauken bør difor følgjast opp med ein tilsvarande auke året etter (Berekna til 21 % + prisauke). Gebyrauken til 2023 vert på 790,- pluss mva.

25 % vert også føreslått som avgiftsauke på avløp. Då vil dette sjølvkostområdet gå med eit lite overskot i 2023. Med justeringane som vert gjort i 2023-budsjettet vil avløp kunne klare seg med prisjustering på avgifta. Dette føreset mellom anna at investeringsplanen ikkje vert framskunda. Gebyrauken til 2023 vert på 1 050,- pluss mva.

Tilknytingsavgifter vert justert med kommunal deflator på 3,7 %.

Gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg, vert det føreslått å auke gebyret med 4,9 %, som er noko ut over kommunal deflator. Gebyr for 2023 blir på kr 682,- (ekskl. mva.). Auken er på 32,- pluss mva.

Slam og renovasjon vert utført av SIM, som og har rekneskapan. Kommunen ivartetek abonnementsregister og dispensasjonar, og har ei lita godgjersle for dette arbeidet.

Her viser ein til vedlegget frå SIM med framlegg til gebyr. Hovudpunkta er:

- Abonnementsgebyr for hus vert uendra til 2023
- Snittbegyret for hus vert auka med 2 %
- Hyttegebyret vert uendra
- Slamgebyret for hus vert auka med 25,-
- Slamgebyret for hytte vert auka med 25,-

Økonomi og forankring i økonomiplanen:

Etter at saka er behandla i utval for plan og miljø, skal saka i kommunestyret og bli behandla med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset satsar for eigedomsavgifter for 2023, gjeldande frå 1. januar 2023, med følgjande gebyrauke:

- Årsgebyr for vatn vert auka med 25 %
- Årsgebyr for avløp vert auka med 25 %
- Tilknytingsavgifter for vatn og avlaup vert auka med 3,7 %
- Gebyr for feiing og brannsyn vert auka med 4,9 %
- Gebyr for renovasjon og slam vert sett til gebyra i framlegget frå SIM

Ulike gebyr for ulike bygningstypar går fram av vedlegg til saka.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 22.11.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka. Administrasjonen svara på spørsmål.

Tilråding til kommunestyret vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (H).

Vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset satsar for eigedomsavgifter for 2023, gjeldande frå 1. januar 2023, med følgjande gebyrauke:

- Årsgebyr for vatn vert auka med 25 %
- Årsgebyr for avløp vert auka med 25 %
- Tilknytingsavgifter for vatn og avlaup vert auka med 3,7 %
- Gebyr for feiing og brannsyn vert auka med 4,9 %
- Gebyr for renovasjon og slam vert sett til gebyra i framlegget frå SIM

Ulike gebyr for ulike bygningstypar går fram av vedlegg til saka.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.12.2022**Behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fitjar kommunestyre fastset satsar for eigedomsavgifter for 2023, gjeldande frå 1. januar 2023, med følgjande gebyrauke:

- Årsgebyr for vatn vert auka med 25 %
- Årsgebyr for avløp vert auka med 25 %
- Tilknytingsavgifter for vatn og avlaup vert auka med 3,7 %
- Gebyr for feiing og brannsyn vert auka med 4,9 %
- Gebyr for renovasjon og slam vert sett til gebyra i framlegget frå SIM

Ulike gebyr for ulike bygningstypar går fram av vedlegg til saka.

Gjermund Hagesæter
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.